

Cato Risøy

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1578 - 15/8617

Saksbehandlar:
Anne Wergeland
Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:
16.04.2015

Invitasjon til LeseLos 2015-2016


I løpet av to skuleår har no 8 skular i Lindås tatt i bruk LeseLos. Erfaringane så langt er gode, og vi vil halde fram med tiltaket også neste skuleår. Verktøyet er utarbeidd ved Lesesenteret i Stavanger, og de vil finne mykje informasjon på nettsidene til Lesesenteret.

Målsetjinga med LeseLos er skildra av ressurspersonane ved Lesesenteret:

- Styrkje læraren sin kompetanse i høve til å planleggje, gjennomføre og vurdere god leseundervisning i alle fag og på alle trinn
- Betre eleven sitt læringsutbytte gjennom auka lesedugleik

LeseLos er eit verkty for å støtte elevane si leseutvikling på alle trinn og i alle fag. leseLos er utvikla etter idear og prinsipp som har vore i bruk over lang tid for å vurdere borns språklege utvikling (TRAS). Medan TRAS rettar merksemda mot generelle språkutvikling hjå førskuleborn, rettar Leselos merksemda mot skuleborn og mot skriftspråket – lesing spesielt.

Gjennom arbeidet med LeseLos vert det nytta ulike arbeidsmetodar: Teori, oppgåver til teori, undervisnings-rettleiing samt skjema for observasjon/vurdering av elevkompetanse. Arbeidet er knytt til innhaldet i rettleiingsheftet, her skildra ved hjelp av LeseLos-draftet.



Om skulen din ynskjer å ta i bruk LeseLos neste skuleår, er de velkomen til å søkje om plass.

Forventningar til skular som skal starte opp med LeseLos haust -15:

- Implementering av verktøyet skal forankrast i leiinga og personalet vår 2015
- Leiinga må leie prosessen ved eigen skule, samt følgje opp lærarane fagleg
- Fast person frå leiinga deltek i alle nettverk og kurs
- Det vert etablert ei ressursgruppe for lesing ved skulen:
 - Leiar
 - Lesekontakt
 - Lærar
- Heile skulen deltek i prosessen (innføring i alle klassar, alle lærarar)
- Skulen deltek på felles kursdagar
- Skulen følgjer vedteken plan for implementering

Forventa tidsbruk skuleåret 15/16:

- Tid felles:
 - 2 halve kursdagar (6.november og 5.februar)
 - 4 nettverkssamlingar for "LeseLos" (ressursgruppene på skulane)
 - Rektor deltek i prosjektgruppe
- Tid på eigen skule:
 - 2 «fellestider» i månaden vert brukt til å lese fagstoff samt pedagogiske drøftingar og erfaringsutveksling
 - Teamtid/trinntid vert brukt til å planlegge undervisning

Skular som ønskjer å ta i bruk LeseLos neste skuleår, gjer følgjande:

- Verktøy, forventningar og metode blir presentert i plangruppa
- Rektor har dialog med AT og VO kring verktøyet
- Rektor gjennomfører val av repr. til ressursgruppa
- Rektor sender kortfatta søknad med grunngjeving til fagsjef. Kopi til einingsleiar.
- Søknadsfrist: 13.mai 2015

Med helsing

Anne Wergeland
fagsjef skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ragna Midtbø
Bente Kronhaug
Kristin Moe

Mottakarar:

Cato Risøy

Nils Kvalvågnes

Olaf Michal Hella